

Møte tirsdag den 15. mars kl. 20.40President: **Berit Brørby**

Dagsorden (nr. 22):

1. Innstilling frå kommunalkomiteen om lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg (Innst. O. nr. 56 (2004-2005), jf. Ot.prp. nr. 14 (2004-2005))
2. Referat

Valg av settepresident

Presidenten: Presidenten vil foreslå at det velges en settepresident for Odelstingets møte i dag – og anser det som vedtatt.

Presidenten vil foreslå Gunn Olsen. – Andre forslag foreligger ikke, og Gunn Olsen anses enstemmig valgt som settepresident for Odelstingets møte i dag.

Statsråd **Dagfinn Høybråten** overbrakte 4 kgl. proposisjoner (se under Referat).

Sak nr. 1

Innstilling frå kommunalkomiteen om lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg (Innst. O. nr. 56 (2004-2005), jf. Ot.prp. nr. 14 (2004-2005))

Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) [20:40:57] (leiar i komiteen og ordførar for saka): Nokre eldre nordmenn har budd utanfor landet og kjem tilbake på sine eldre dagar. Nokre av dei klarer seg ikkje økonomisk på eiga hand. Dei såkalla Kola-nordmennene vart inviterte tilbake til Noreg for fleire år sidan. For begge desse gruppene er det å be om sosialhjelp pr. dato løysinga. Det same gjeld eldre innvandrarakar som har kome hit i si tid, anten for å søkja arbeid eller fordi dei har opphald på humanitært grunnlag.

Ot.prp. nr. 14 for 2004-2005 gjeld desse gruppene. Alle desse enkeltpersonane vil få ei meir føreseieleg minsteinntekt.

Eit breitt fleirtal i komiteen, alle parti med unntak av Framstegspartiet, sluttar seg til Regjeringa sitt forslag. Framstegspartiet avviser heile proposisjonen.

Senterpartiet tok initiativ til ei supplerande stønadsordning i utjamningsmeldinga i 1999. Forslaget fekk brei støtte i Stortinget. Det er såleis på høg tid at ei slik lov kjem på plass.

Regjeringa har vurdert ulike modellar. Eit forslag om eit nivå på 60 pst. av minstepensjonen har vore lufta. I høyringsutkastet foreslo Regjeringa 90 pst. av minstepensjonen. Arbeids- og sosialdepartementet skal ha honnør for at dei har lytta til høyringsinstansane og no har føreslått eit nivå på linje med minstepensjonen.

Den nye supplerande stønaden skal prøvast mot inntekta til stønadmottakaren sjølv og til ektefelle eller sam-buar. Stønaden skal gjelda for ein periode på tolv månader om gongen, og søknad om slik yting, i tillegg til forlenga

yting, skal setjast fram ved personleg frammøte på trygdekontoret.

Fleirtalet føreslår at ordninga blir evaluert to år etter iverksetjing. Fleirtalet er einig med departementet i at lova blir avgrensa til å gjelda personar over 67 år. Det kan likevel vera gode grunnar, slik òg fleire høyringsinstansar har peikt på, til å utvida ordninga til å gjelda andre grupper, f.eks. uføre over 60 år og yngre psykisk eller fysisk funksjonshemma. Fleirtalet fremmar då forslag om at Regjeringa føretek ei vurdering av om den same ordninga òg kan gjelda andre grupper.

Eit sentralt punkt er sjølvsgagt kostnadene med ordninga. Talet på personar er estimert til mellom 2 000 og 3 000. Kostnadene er rekna til ca. 150 mill. kr. Regjeringa legg opp til delvis uttrekk frå kommunane for å få nødvendig finansiering på plass. Det blir argumentert med at det kan bli ein reduksjon i sosialhjelp på inntil 135 mill. kr. Arbeidarpartiet, SV og Senterpartiet avviser uttrekk frå kommunane. Dette er ein kostnad kommunane aldri skulle hatt. Det er ein kostnad kommunane i fleire år har hatt grunn til å tru kom til å bli dekt. Eg finn grunn til å minna om at Oslo kommune tok opp desse meirutgiftene allereie i 1998. Kommunane på Nord-Jæren og også andre kommunar har påvist sine meirkostnader.

Det har, så langt vi kjenner til, aldri vorte kompensert frå staten for denne typen langtids sosialhjelp. Det er fleire statsrådar som har erkjent at dette burde ha vore ei statleg ordning. Kommunane har her altså teke på seg å dekkja ein funksjon som sosialhjelpa aldri har vore meint å skulla ha. Eg vil difor til slutt be Regjeringa revurdere synet sitt, oppføra seg rimeleg og ryddig og fullt ut dekkja dei 150 mill. kr som denne ordninga er meint å kosta.

Gunn Olsen hadde her overtatt presidentplassen.

Signe Øye (A) [20:46:30]: Noen saker tar det utrolig lang tid å få behandlet i Stortinget. Lov om supplerande stønad til personer med kort botid i Norge er en slik sak.

Allerede da representanten Magnhild Meltveit Kleppa var sosialminister, altså tilbake i 1997, tok jeg opp en sak om en dame fra Halden som hadde bodd i utlandet i store deler av sitt liv. Hun hadde fulgt mannen sin, som hadde arbeidet i forskjellige land. Nå var hun tilbake i Norge som pensjonist, enslig, og pensjonen var på litt over 2 000 kr pr. måned – ikke så mye å leve av og betale alle utgiftene med. Derfor må hun ta den tunge veien til sosialkontoret, ikke bare én gang, men regelmessig, slik lov om sosialhjelp krever – ja, så lenge hun lever – for å få til livsopphold.

Det var i et spørsmål i spørretimen, som mange saker starter med, at jeg tok opp denne saken. Statsråden svarte selvsagt unnvikende, som vanlig. Men dog – sosialministeren fattet poenget: Her var det et «hull» som det var grunn til å se litt mer på.

Det har tatt tid. Flere regjeringer har kommet og gått. Utjamningsmeldingen kom. Der stod det noe. Høyre og Fremskrittspartiet gikk fortsatt imot. Så kom fattigdomsmeldingen. Da var det bare Fremskrittspartiet som var

imot. Nå er lovforslaget her, og igjen er det bare Fremskrittspartiet som er imot.

Det er viktig å få fram at dette faktisk gjelder både innvandrere og andre norske med kort botid. Men det er helt klart at mange kommuner har vegret seg for å ta imot eldre asylsøkere som ikke ville komme i arbeid, fordi kommunene ville få store kostnader over sosialhjelpsbudsjettet.

Arbeiderpartiet støtter Regjeringen, stort sett, men på ett punkt er vi helt uenige, nemlig at kommunene skal trekkes i rammetilskuddet tilsvarende det ordningen koster for staten. Her står Arbeiderpartiet, SV og Senterpartiet sammen om innstillingen. Om forslaget faller i Stortinget, vil selvsagt inspirasjonen og iveren til kommunene etter å ta imot eldre asylsøkere som har fått opphold og som skal bosettes i en kommune, falle bort, og botiden i mottakene vil øke. Men det betaler jo staten, og kostnadene blir sannsynligvis enda høyere.

Til slutt vil jeg sende en hilsen til den tålmodige damen i Halden som til jul i år kan glede seg, og forhåpentligvis være litt rausere, for etter nyttår blir det bedre tider.

Kari Lise Holmberg (H) [20:49:34]: Ja, det er riktig som Signe Øye sier: Dette er ingen sak av nyere dato. I mer enn ti år har kommuner landet over etterspurt en alternativ stønadsordning til ordinær trygd for eldre personer som har bodd kort tid i Norge. Kommuner som bosetter flyktninger, har på ulike måter lenge dokumentert og argumentert for at dette har ført til ekstra belastninger på kommunenes sosialbudsjett. Staten har i mange år signalisert at en ordning skulle komme. Så vel utjamningsmeldingen som fattigdomsmeldingen og storbymeldingen har tatt for seg problemstillingen. Det kan dessuten henvises til merknader i budsjettet for 2004.

Flere regjeringer til tross, nå ligger saken på bordet, og det er positivt at Odelstinget i dag vil vedta en lov om supplerende stønad til personer med kort botid i Norge. Det er viktig at kommunene ikke lenger belastes enkeltvis med utgifter til denne gruppen. Ikke minst med hensyn til bosetting av flyktninger fra statlige mottak til kommunene har ordningen til nå fungert noe negativt. Men jeg har lyst til å si at de personlige forhold for de menneskene dette gjelder, er like viktig. Heretter slipper de å forbli sosialklienter livet ut, med de belastninger det i seg selv medfører. Kommunenes sosialhjelp er ment å være en midlertidig ytelse og ikke en varig stønad til livsopphold. Dette lovforslaget er derfor en klok justering av kursen på utlendingsfeltet.

Flyktninger etter FN-konvensjonene får full minstepensjon selv om de ikke fyller vilkårene for botid. Personer fra EØS-landene er sikret gode trygdeordninger. Men når det gjelder innvandrere fra land i den tredje verden, har sosialhjelpen blitt brukt. Denne gruppen sosialhjelpsmottakere vil ventelig være doblet i 2020. I så måte er kommunene godt tjent med at det nå innføres en stønadsordning innenfor trygdesystemet. I Høyre er vi enig i at nivået på stønaden blir på linje med minstepensjonen i folketrygden, og at ordningen blir iverksatt fra 1. januar 2006. Vi gir også vår støtte til at ordningen behøvsprøves

i forhold til andre inntekter samt formue, utover vanlig hus og hjem.

Vi finner det altså riktig å sette andre vilkår for den supplerende stønadsordningen. Både registrering i Folkeregisteret og oppholdstillatelse er et naturlig krav. Man skal ha til hensikt å bo her. Det skal likeså være begrensninger i forhold til opphold i utlandet. Vi har også regler i forbindelse med langvarig opphold i institusjon, som for øvrig vil være på linje med ytelsene fra folketrygden.

Vi registrerer ut fra høringsuttalelsene at den foreslåtte aldersgrensen på 67 år vil være enkel å administrere. Vi støtter Regjeringens forslag, men tror det vil være riktig å vurdere ytterligere grupper som faller utenfor. Og Høyre er med i det flertallet i komiteen som ber Regjeringen om å se på dette.

Høyre støtter forslaget om at finansieringen skal skje ved at rammeoverføringene til kommunene justeres. Behovet for sosialhjelp ligger som et kriterium i inntektssystemet. Det er derfor en naturlig regulering som foretas, på lik linje med andre endringer som tidligere har blitt foretatt i rammeoverføringene.

Da Arbeiderpartiet var i regjeringsposisjon, inneholdt budsjettet for 2001 en rekke slike uttrekkssaker, og jeg kan raskt nevne: Endringer for kommunene i egenbetaling ved bruk av fylkeskommunale barnevernstiltak førte til en omfordeling mellom fylkeskommunenes og kommunenes budsjetter – det samme med økt antall elever i private videregående skoler. Uttrekk ble gjort etter fylkeskommunenes samlede kostnadsnøkkel. Og på kommunenivå førte apotekloven til innsparing for kommunene. Dette beløpet ble trukket fra rammetilskuddet – det samme med økte egenbetalinger på sykehjem og hjemmetjenester. Det har vært vanlig at oppgaveendringer medfører uttrekk. Vi synes det er et prinsipp som fortsatt skal følges, selv om det på kort sikt isolert sett ikke tilfører kommunene mer penger. På lang sikt vil kommunene helt klart tjene på ordningen. En doubling av gruppen i 2020 ville betydd en langt større utgiftspost for Kommune-Norge.

Per Sandberg (FrP) [20:54:26]: Det er riktig som det er blitt sagt, at Fremskrittspartiet vil stemme imot hele innstillingen. Vi synes rett og slett at det er direkte urimelig og nærmest provoserende at majoriteten i dette huset over natta – selv om de sier at de har holdt på med prosessen i 10 år, 15 år – gir personer som overhodet ikke har bidratt i forhold til å få ytelse, denne type ytelse.

Jeg er overbevist om, og komiteen jobber i disse tider i tillegg med en stor sak i forhold til diskrimineringsloven, at dette er et vedtak som vil virke mot sin hensikt, selv om en her på en måte skal bidra til at disse såkalte Kola-nordmenn skal løftes opp. Jeg registrerer at de aller fleste representantene foreløpig har lagt vekt på det, og det tolker jeg selvfølgelig dit hen at man ser urimeligheten og ønsker å sette dette i fokus. Fremskrittspartiet har fokusert mye på dette, men har aldri fått noe gehør for det. Men måten å få gjennomslag for den type saker på, er å dra fram innvandrere med kort botid i Norge. Da blir det enkelt og greit for Stortinget å vedta denne type ordninger. Sannheten er, og det står for øvrig også i proposisjonen, at

majoriteten av dem vi snakker om her, er selvfølgelig innvandrere. Det er klart at ordningen for våre minstepensjonister – med 20 års opparbeidelse, med 30 års opparbeidelse eller med 35 års opparbeidelse – i år etter år har vært avkortet. Men her opplever vi altså at når innvandrere kommer til Norge, er det bare å knipse og få på plass en trygdeordning uten avkortning og uten opparbeidelse.

Jeg synes det er trist at det er den type saker som skal til for at norske borgere og norske pensjonister skal få sin rettmessige andel av formuen, at en virkelig er nødt til å skyve innvandrere som nesten ikke har lagt ned noen ting i forhold til å få rettigheter, foran seg for at nordmenn skal få sine rettigheter. Jeg er overbevist om at en diskrimineringslov som både regjeringspartiene, venstresiden og sosialistene i denne salen legger slik trykk på at vi skal ha nå, gjennom dette vedtaket vil få en motsatt effekt – en sterkt motsatt effekt. Nå ser vi i sak etter sak at Stortinget foretar denne type prioriteringer. Jeg er oppriktig bekymret for hva resultatet måtte bli hvis Regjeringen sammen med sosialistene i denne salen fortsatt skal utøve denne sterke forskjellsbehandlingen – fordelsbehandlingen av personer som måtte komme til Norge. Jeg er oppriktig bekymret over at regjeringspartiene og sosialistene ikke ser denne utfordringen, at de ikke ser at denne type saker og vedtak kan og vil skape grobunn for det motsatte av det de har som intensjon, altså å søke fellesskap og harmoni.

Jeg vil bare gjenta: Fremskrittspartiet stemmer imot – med meget god samvittighet.

Karin Andersen (SV) [20:59:39]: SV vil slutte seg til saksordførerens innlegg. Vi støtter loven. Vi har det samme synet på uttrekk fra kommuneøkonomien. Vi synes at det er urimelig, særlig fordi noe av hovedhensikten her bør være at staten bærer denne type ansvar. Dette dreier seg for det første om personer som har et lovlig opphold i Norge. Det tror jeg det er veldig viktig å merke seg for alle som deltar i denne debatten. For det andre er dette personer som er i en slik alder at det ikke er særlig rimelig at man kan ta en jobb og forsørge seg sjøl. Så da er det et praktisk spørsmål her: Hvem er det som skal betale det som må til for livsoppholdet?

Det er med litt forbauselse jeg hører Fremskrittspartiets argumentasjon. Et parti som har gått inn for at alle skal bli minstepensjonister, synes det er forferdelig at noen som er i denne alderen, og som har et lovlig opphold i Norge, får en trygg stønad, en slik ytelse fra staten – ikke en folketrygd, men en stønad med sterkere regler rundt og sterkere begrensninger enn en minstepensjon. Det er helt tydelig, på veldig mange områder. Det er litt komisk å høre på, for et parti som vil ødelegge folketrygden i den forstand at alle skal bli minstepensjonister, synes jeg har litt lite å fare med når det er spørsmål om å, for å si det slik, få opp grov forskjellsbehandling.

SV har hele tida ment at staten skal ta ansvaret for disse utgiftene. Det gjør den i denne saken, bortsett fra at den i utgangspunktet tar et uttrekk fra kommuneøkonomien, som vi er uenig i.

Systemet med folketrygd er slik at også de som ikke har bidratt i økonomisk forstand, har rettigheter som oss

andre. Det er et utrolig viktig prinsipp i vår folketrygd at de som av en eller annen grunn er i en slik situasjon at de verken har kunnet ha lønnet arbeid og forsørge seg sjøl eller i noen fase av livet har kunnet betale skatt, også skal være sikret økonomisk ytelse ved uførhet eller alderdom. Det er et kjempeviktig solidarisk prinsipp, så det å si at alle får igjen det man har betalt inn i dette systemet, er jo faktisk en ganske grov fortegnelse av folketrygdsystemet og prinsippene i det. Det andre er at det faktisk ikke er et system der du betaler inn og får igjen det du har betalt, men at det er en type system som baserer seg på «pay as you go», altså at du får en opparbeidet rettighet, men ikke avhengig av det du faktisk har betalt inn.

Vi er glad for at denne ordningen kommer på plass. Vi er lei oss for at kommunene i utgangspunktet skal være med og betale regningen. Det synes vi er urimelig. Men vi tror at dette vil gjøre forholdene ryddigere framover, og så har det store flertallet i komiteen bedt om at ordningen evalueres etter to år. Det synes vi er nødvendig, slik at vi kan se at ordningen fungerer etter hensikten, og at folk stort sett kan greie seg på denne ytelsen, at den fungerer slik som den var tenkt, som en trygghet for dem det gjelder, og at begrensningene som ligger i den, ikke er urimelige. Dette vil vi se av en evaluering, i tillegg til om det eventuelt skulle være noen andre grupper som trenger å få en fastere stønadsordning fordi de uansett vil være evige sosialhjelpsmottakere – og det er ikke noe godt system å basere seg på framover.

Berit Brørby hadde her gjeninntatt presidentplassen.

Anita Apeltun Sæle (KrF) [21:04:12]: Dette er ei sak som mange kommunar har venta lenge på, og det har vore mange frå Kommune-Noreg som har vendt seg både til meg og, har eg høyrte, andre om det økonomisk uoversiktlege ved at mange eldre – eller nokre eldre, det er eigentleg ikkje mange – ikkje har minstepensjonsrettar. At eldre menneske som av ymse grunnar har fått løyve til å bu i Noreg, skal vera sosialklientar, er ikkje verdig.

Dette gjeld ikkje berre eldre innvandrarar. Også nordmenn som har levd store delar av livet i utlandet, utan at dei har opparbeidd seg pensjonsrettar der eller rettar på andre, private måtar, kan vera i ein vanskeleg situasjon. Det gjeld faktisk misjonærar, som eg har snakka med, menneske som heile sitt liv har arbeidd for andre, som har dempa naud i verda, men som når dei vert eldre, ikkje har dei rettane som vi andre har. Det gjeld òg nordmenn i Amerika, som alltid har tenkt at dei skulle tilbake til Noreg, men så gjekk det mange år før det skjedde. Eg snakka i førre månaden med ei kvinne som reiste til USA i 1948. No er ho tilbake i heimlandet, og minstepensjonen hennar vart berre på 2 000 kr i månaden. Det kan ho naturlegvis ikkje leva av. Eg trur det er bra om ho slepp å gå på sosialen.

Men dei fleste utan pensjonsrettar er innvandrarar frå den tredje verda. Fordi ein kan misbruka dette, for så vidt slik ein kan misbruka alle velferdsordningar, er det

bra at ordninga er ramma inn. Ein kan ikkje ta med seg ordninga til utlandet, der pengane for så vidt kunne rekka mykje lenger. Det er ikkje så store summer ein skal løyva her, men det er faktisk viktig at denne ordninga ikkje kan takast med til utlandet. Ein får den først ved fylte 67 år. Formue er sjølvsagt avgjerande, arbeidsinntekt også, sjølv om ho vert opptent etter 67 år – det er jo nokon som jobbar lenge – og kapitalinntekt eller pensjonar frå inn- eller utland har betydning.

Denne saka viser at vi lever i eit vel utbygt velferds-samfunn. Velferdsstaten forvirar ikkje. Han vert faktisk stadig bygd ut. Å vera borgar av Noreg, eller å ha rett til å bu her, er og vert eit lykkelodd i livet. Dette er ikkje opparbeidde rettar. Det har Framstegspartiet faktisk heilt rett i. Dette er ikkje statsborgarrettar heller. Det er velferdsgode som ein får fordi ein bur her og lever her. Det er slik vi vil ha det. Men ein må evaluera dette. Vi må sjølvsagt unngå å bli utnytta. Kristeleg Folkeparti trur at dette er ei ordning for å ta vare på dei som har opparbeidd få rettar, men som bur her, og som skal ha ein verdig alderdom, som oss andre. Vi vil følgja både hjarte og hjerne.

Statsråd Dagfinn Høybråten [21:07:51]: Etableringen av en ny supplerende stønadsordning vil innebære at trygdeetaten overtar ansvaret for en gruppe personer som hittil har vært henvist til økonomisk sosialhjelp. Gruppen er svært sammensatt, og spenner fra nordmenn med lange utenlandsopphold til personer med ankomst til Norge etter pensjonsalderen. Fellesnevneren er at de mangler en tilfredsstillende ordinær pensjonsopptjening.

Jeg er glad for at komiteen i all hovedsak støtter Regjeringens forslag. Dette er en gruppe eldre som bor i Norge uten å ha den inntektstrygghet som eldre i Norge generelt har. Nå ligger alt til rette for en verdig inntektssikring for den enkelte, og kommunenes ansvar for denne gruppen blir det samme som for andre eldre.

Stønad fra ordningen vil bli gitt etter en streng inntektsprøving. Unntaksvis vil også retten til stønad bli påvirket av stønadstakerens formue. Videre vil adgangen til å få stønad i utlandet være mer begrenset enn for pensjon fra folketrygden. Ordningen vil derfor innebære klare utfordringer for trygdeetaten når det gjelder kontroll.

Som et ledd i kontrollen er det foreslått at stønad skal gis for tolv måneder om gangen, og at ny søknad skal fremmes ved personlig frammøte på trygdekontoret. Jeg har merket meg at komiteen er skeptisk til denne ordningen. Det pekes på at den vil kunne bli administrativt ressurskrevende. Slik jeg ser det, vil denne søknadsprosedyren erstatte andre kontrolltiltak, og vil derfor i realiteten kunne virke arbeidsbesparende.

Det er en viktig sak som behandles i Odelstinget i dag – viktig for dem den gjelder, men også for det norske samfunnet.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 1. (Votering, se nedenfor)

Etter at det var ringt til votering i 5 minutter, uttalte **presidenten:** Odelstinget er klar til å gå til votering.

Votering i sak nr. 1

Komiteen hadde innstillet til Odelstinget å gjøre slike vedtak:

A .

L o v

om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

Kapittel 1. Formål – definisjonar

§ 1 Formålet med lova

Formålet med lova er å garantere ei minste samla inntekt for personar med liten eller ingen pensjon frå folketrygda på grunn av kort butid i Noreg.

§ 2 Definisjonar

Med grunnbeløpet meiner ein i lova her grunnbeløpet etter folketrygdlova § 1-4.

Med ektemake meiner ein i lova her personar som er gifte etter ekteskapslova og som bur saman i eitt hushald, personar som bur saman som ektefolk utan å vere gifte med kvarandre, og registrerte partnarar som bur saman i eitt hushald.

Kapittel 2. Personkrins – opphald i utlandet

§ 3 Kven som kan få stønad

Supplerande stønad vert gitt til personar som har fylt 67 år og som er busette i Noreg. Ein person vert rekna som busett dersom han eller ho er registrert i folkeregisteret og har opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjing i riket.

Familiemedlemer i oppstigande linje som har fått opphaldsløyve av di dei er forsørgde av personar som oppheld seg her, kan berre få supplerande stønad for tidsrom etter at dei har fått løyve til fast busetjing i Noreg.

§ 4 Opphald i utlandet

Retten til supplerande stønad fell bort når ein person oppheld seg eller har tenkt å opphalde seg i utlandet i meir enn tre månader i samanheng eller i meir enn tre månader i alt i eit kalenderår.

Dersom opphaldet i utlandet er meint å vare i meir enn tre månader i samanheng, fell ytingane bort frå og med månaden etter den månaden då opphaldet i utlandet tok til. I andre tilfelle fell ytingane bort frå og med månaden etter den månaden då vedkomande hadde vore i utlandet i tre månader eller summen av utanlandsopphalda i eit kalenderår utgjer tre månader.

I tilfelle som går inn under andre leddet andre punktu- met kan ytingar bli gitt for lengre tid enn nemnd dersom stønadstakaren legg fram dokumentasjon på at han eller ho ikkje kunne vende attende til Noreg på grunn av eigen sjukdom.

Kapittel 3. Fastsetjing av ytingar

§ 5 Full supplerande stønad

Full supplerande stønad skal vere

- a) 1,7933 gonger grunnbeløpet for einslege stønadstakarar
- b) 2,2933 gonger grunnbeløpet for personar med ektemake under 67 år
- c) 1,6433 gonger grunnbeløpet for kvar av ektemakane når begge har fylt 67 år.

Ytingane etter første leddet bokstavane a til c skal aukast med 40 prosent av grunnbeløpet per barn under 18 år som personen forsørgjer og bur saman med i eitt hushald. Dersom begge ektemakane har fylt 67 år, skal auken gå til den av dei som har lågast inntekt (sjå § 6 første leddet).

Eit barn vert rekna å forsørgje seg sjølv dersom det har inntekt som nemnd i § 6 første leddet, og inntekta er høgare enn grunnbeløpet.

Dersom ein ektemake under 67 år oppheld seg i utlandet i lengre tid enn fastsett i § 4, skal ytinga til stønadstakaren fastsetjast etter første leddet bokstav a. Tilsvarande fell retten til tillegg for forsørgt barn bort når barnet har utanlandsopphald som nemnd. Reglane i § 4 gjeld tilsvarande med omsyn til tidspunktet for omrekning av ytingane etter første og andre punktumet.

§ 6 Inntekt som går til frådrag i supplerande stønad

Full supplerande stønad skal setjast ned med

- a) arbeidsinntekt
- b) pensjon frå folketrygda
- c) andre norske offentlege eller private pensjonar
- d) utanlandske offentlege eller private pensjonar
- e) kapitalinntekter.

Det skal reknast med slik inntekt hos stønadstakaren sjølv så vel som hos ektemaken. Dersom begge ektemakane har fylt 67 år, skal inntekt hos den eine ektemaken berre inngå ved prøvinga av ytingane til den andre ektemaken med den delen som overstig full supplerande stønad etter § 5 første leddet bokstav c.

§ 7 Utmåling av supplerande stønad

Supplerande stønad vert gitt dersom full supplerande stønad etter § 5 er høgare enn inntektsgrunnlaget etter § 6. Stønaden skal utgjere differansen mellom desse beløpa.

§ 8 Formue

Dersom ein søkjar eller ektemaken har så stor formue at det ville vere urimeleg å gi supplerande stønad, kan ein gi avslag på søknaden. Som formue vert ikkje rekna vanleg bustad eller vanlege ting til dagleg bruk.

Departementet kan gi forskrift til utfylling av reglane i paragrafen her.

§ 9 Låge stønadsbeløp

Supplerande stønad vert ikkje gitt dersom ytinga ville utgjere eit mindre beløp enn to prosent av full supplerande stønad etter § 5 første leddet bokstav a utan tillegg for forsørgde barn.

§ 10 Endringar

Fastsett stønad skal setjast opp eller ned dersom det skjer endringar i inntektene eller dei andre tilhøva som er lagt til grunn ved fastsetjinga av stønaden, og dette fører med seg ei endring av stønaden med minst 10 prosent.

§ 11 Stønadsperiode og utbetaling

Supplerande stønad vert gitt for ein periode på 12 månader. Stønadstakaren kan søkje om forlenging av ytingane med 12 månader om gongen.

Stønad vert gitt frå og med månaden etter den månaden då vilkåra for ytinga var oppfylte, men ved forlenging av stønadsperioden som nemnd i første leddet tidlegast frå og med månaden etter utløpet av den siste stønadsperioden. Dersom retten til ytingar fell bort av andre grunnar enn at stønadsperioden løper ut, vert ytingar gitt til og med den månaden då retten fall bort.

Dersom ei endring som nemnd i § 10 fører til at stønaden vert sett opp, gjeld dette frå og med den månaden då endringa skjedde. Dersom ytinga vert sett ned, får dette verknad frå og med månaden etter den månaden då endringa skjedde.

Supplerande stønad vert ikkje gitt for lengre tid attende enn tre månader før den månaden då søknaden om ytingar vart sett fram. Renter vert ikkje gitt. Rentetap eller ytingar for tidlegare månader enn tre månader før søknadsmånaden kan heller ikkje krevjast erstatta med heimel i skadeserstatningslova eller i alminnelege erstatningsrettslege reglar.

Dersom det er utbetalt økonomisk stønad etter sosialtenestelova kapittel 5 i periodar som det vert etterbetalt supplerande stønad for, skal det gjerast frådrag i etterbetalinga tilsvarande den økonomiske stønaden.

Stønaden vert utbetalt i månadsbeløp før utgangen av den einskilde månaden. Månadsbeløpa vert avrunda til den næraste heile krona.

§ 12 Opphald i institusjon mv.

Personar som er innlagde i institusjon der opphaldet vert dekt av det offentlege, har ikkje rett til supplerande stønad for tidsrom etter at opphaldet har vara i ein kalendermånad utover den månaden då han eller ho vart innlagt.

Reglane i første leddet gjeld tilsvarande ved opphald i fengsel mv.

§ 13 Tilbakekrevjing

Supplerande stønad som er utbetalt utan at vilkåra for det var oppfylte, skal krevjast attende dersom den som fekk utbetalinga forsto eller burde ha forstått at utbetalinga grunna seg på ein feil. Vedtak om å krevje tilbake slike beløp er tvangsgrunnlag for utlegg.

Beløp som skal krevjast tilbake etter første leddet, kan avreknast i framtidige terminar av supplerande stønad eller andre ytingar til livsopphald som vert administrerte av trygdeetaten. Avrekninga kan ikkje utgjere meir enn 10 prosent av dei aktuelle terminbeløpa.

Beløp som ikkje vert innkravde etter andre leddet, kan innkrevjast etter reglane i bidragsinnkrevjingslova.

§ 14 Finansiering

Utgiftene som trygdeetaten har til supplerande stønad og til administrasjon av ordninga vert dekte av statskassa. Pengane som trengst til dekning av utgiftene skal overførast til Rikstrygdeverket på forskot, og seinast på det tidspunktet utbetaling skal skje. Trygdeetaten skal føre særskilt rekneskap over pengane som vert overførte til dekning av supplerande stønad.

Kapittel 4. Saksbehandling mv.

§ 15 Tilhøvet til forvaltningslova

Reglane i forvaltningslova gjeld for handsaminga av saker om supplerande stønad, med dei unntaka som går fram av lova her.

§ 16 Avgjerd etter lova

Saker om ytingar etter lova vert avgjorte av Rikstrygdeverket, som kan delegere avgjerda til anna organ i trygdeetaten.

§ 17 Søknad

Søknad om supplerande stønad skal setjast fram for trygdekontoret på bustaden til søkjaren på skjema fastsett av Rikstrygdeverket. Søkjaren skal møte personleg på trygdekontoret. Trygdekontoret skal hjelpe søkjar med utfyllinga så langt dette er naudsynt.

§ 18 Plikt til å gi opplysningar

Ein person som søker om supplerande stønad, har plikt til å gi dei opplysningane og levere dei dokumenta som trygdeetaten treng for å vurdere om han eller ho har rett til ytinga. Den som får supplerande stønad, skal gi melding til trygdeetaten om endringar i alle tilhøva som verkar inn på retten til eller storleiken på ytinga.

Trygdeetaten kan krevje at ein person som får supplerande stønad gir dei opplysningane og leverer dei dokumenta som trygdeetaten treng for å kontrollere storleiken på stønaden eller om han eller ho framleis har rett til ytinga.

Dersom ein søker eller stønadstakar ikkje legg fram dokumentasjon som trygdeetaten har bedt om, kan ein søknad om ytingar bli avslått, og ytingar som er gitt kan haldast attende. Det same gjeld dersom søkjaren gir uriktige opplysningar som er viktige for retten til eller storleiken på ytinga eller let vere å gi slike opplysningar.

§ 19 Henting av opplysningar mv.

Trygdeetaten kan krevje at likningsetaten eller skattefogdane gir opplysningar om inntekts- og formuestilhøva for ein person som søker om eller har fått supplerande stønad. Dette gjeld òg i høve til tidlegare likningar.

Ved behandlinga av krav om ytingar etter lova, og ved kontroll av ytingar som er gitt, har trygdeetaten rett til å få nødvendige opplysningar frå sosialtenesta, politiet, andre offentlege organ, arbeidsgivar, bankar, forsikringsselskap og private pensjonsordningar.

Trygdeetaten kan påleggje helseinstitusjonar, fengsel og andre institusjonar å gi rutinemessige meldingar når klientar vert innlagde eller utskrivne.

Dei som vert pålagt å gi opplysningar, har plikt til gjere dette utan ugrunna opphald og utan hinder av teieplikt. Dei kan ikkje krevje vederlag for å gi opplysningane.

§ 20 Opplysningar om ektemaken

Ektemaken til ein person som søker om eller får supplerande stønad etter lova, har plikt til å gi opplysningar om inntekts- eller formuestilhøva sine etter reglane i § 18. Reglane i § 19 gjeld tilsvarande i høve til henting av slike opplysningar.

§ 21 Kontroll

Rikstrygdeverket kan bestemme at saker om supplerande stønad skal få ei ny vurdering med fastsette mellomrom, og kan gi reglar om korleis slik etterprøving skal gjennomførast.

Departementet kan gi forskrift om tiltak med sikte på å kontrollere at vilkåra i § 4 er oppfylte eller om ein stønadstakar har hatt opphald i utlandet i strid med reglane. Forskrifta kan bestemme at ein stønadstakar skal møte personleg på trygdekontoret inntil to gonger i året og vise pass eller anna reisedokument.

§ 22 Anke til Trygderetten

Vedtak om supplerande stønad etter lova her kan ankast inn for Trygderetten. Reglane i folketrygdlova § 21-12 gjeld tilsvarande så langt dei høver.

§ 23 Andre reglar om saksbehandling

Reglane i folketrygdlova §§ 20-8, 21-9, 21-10, 21-11, 22-1, 22-6 og 22-18 gjeld tilsvarande så langt dei høver.

Kapittel 5. Ikraftsetjing

§ 24 Når lova tek til å gjelde

Lova tek til å gjelde frå det tidspunktet Kongen bestemmer.

Presidenten: Fremskrittspartiet har i debatten varslet at de går imot.

V o t e r i n g :

Komiteens innstilling bifaltes med 57 mot 11 stemmer. (Voteringsutskrift kl. 21.14.57)

Presidenten: Det voteres over lovens overskrift og loven i sin helhet.

Presidenten regner med at Fremskrittspartiet også her vil gå imot.

V o t e r i n g :

Lovens overskrift og loven i sin helhet bifaltes med 58 mot 11 stemmer. (Voteringsutskrift kl. 21.15.25)

Presidenten: Lovvedtaket vil bli sendt Lagtinget.

Videre var innstillet:

B.

Stortinget ber Regjeringa leggje fram ei vurdering av følgjene av lov om supplerande stønad to år etter iverksetjing.

C.

Stortinget ber Regjeringa vurdere om lov om supplerande stønad skal utvidast til å gjelde andre grupper enn personar over 67 år.

D.

Stortinget ber Regjeringa iverksetja lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg utan uttrekk i rammeoverføringane til kommunane.

Presidenten: B, C og D blir i samsvar med forretningsordenens § 30 fjerde ledd å sende Stortinget.

S a k n r . 2

Referat

1. (72) Statsministerens kontor melder at
 1. lov om endringer i verdipapirhandelloven og enkelte andre lover (gjennomføring av markedsmissbruksdirektivet mv.) (Besl. O. nr. 33 (2004-2005))
 2. lov om handheving av det frie varebyttet innan EØS (Besl. O. nr. 42 (2004-2005))
 - er sanksjonert under 4. mars 2005
2. (73) Statsministerens kontor melder at
 1. lov om endringer i introduksjonsloven mv. (Besl. O. nr. 15 (2004-2005))
 - er sanksjonert under 11. mars 2005Enst.: Nr. 1 og 2 vedlegges protokollen.
3. (74) Lov om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven) (Ot.prp. nr. 51 (2004-2005))
4. (75) Lov om endringer i lov 25. juni 2004 nr. 53 om endringer i rettergangslovgivningen m.m. (organiseringen av den sivile rettspleie på grunnplanet) (Ot.prp. nr. 53 (2004-2005))
 - Enst.: Nr. 3 og 4 sendes justiskomiteen.
5. (76) Lov om endringer i lov 6. juni 2003 nr. 39 om burettslag (burettslagslova) mv. (Ot.prp. nr. 52 (2004-2005))
 - Enst.: Sendes kommunalkomiteen.
6. (77) Lov om endringer i lov 11. juni 1993 nr. 100 om anlegg og drift av jernbane m.m. (jernbaneloven) (Ot.prp. nr. 54 (2004-2005))
 - Enst.: Sendes samferdselskomiteen.

Møtet hevet kl. 21.17.
